

**Fylkesstyret:**

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	<b>Møtt</b>	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	<b>Møtt</b>	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	<b>Møtt</b>	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	<b>Møtt</b>	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	<b>Møtt</b>	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	<b>Møtt</b>	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Christine Strandmann, Keiser Wilhelmgate 62, 6003 Ålesund	Fylkesleiar BKL	<b>Møtt</b>	99244515	cstrandmann@hotmail.com
Arnhild Heggemli Harstad, Storhågvegen 7, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	<b>Forfall</b>	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
<b>Til orientering:</b>				
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara		91824069	elling.kv@hotmail.com
<b>Sekretariatet</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Arnar Lyche	<b>Møtt</b> org.-sjef	71202897	41418871	arnar.lyche@bondelaget.no
Arild Erlien	<b>Møtt</b> rådgjevar	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 24. og onsdag 25. januar 2012 i Oslo

**Tysdag 24. januar:**

09.00 – 16.00: Kornkonferanse på Oslo Kongressenter

17.00 – 19.30: Fylkesstyremøte på Thon Opera Hotell.

20.00: Middag saman med styret i Østfold Bondelag

**Onsdag 25. januar: Norges Bondelag sine lokaler i Landbrukets Hus, Schweigaards gate 34**

09.00 – 14.00: Styremøte saman med Østfold Bondelag. Tema var korn- og kraftfor politikken, landbruksmeldinga og det komande jordbruksoppgjøret.

14.30 – 17.30: Fylkesstyremøte M&R Bondelag

**Heimeside 27.01.2012: Styret oppdaterte seg på korn- og kraftforpolitikken**

Fylkesstyret i Møre og Romsdal Bondelag fikk en solid dose med oppdatering på korn- og kraftforpolitikken under sin todagers samling og styremøte i Oslo denne uka. Det startet tirsdag med deltakelse på Felleskjøpets og Bondelagets årlige kornkonferanse. Onsdag hadde styret felles styremøte med Østfold Bondelag, der korn- og kraftfor, landbruksmelding, det kommende jordbruksoppgjøret ble drøftet.

**1/2012 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend

**2/2012 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 6. og 7. desember 2012**

**Vedlegg:** Protokoll, som også er utsendt på e-post for godkjenning.

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 6. og 7. desember godkjend.

**Bondelagets Servicekontor AS**

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 41 41 88 71	<b>E-postadresse:</b> more.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.12891	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

**SAK 3/2012: Meld. St. 9 (2011-2012) "Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords"**

Meld. St. 9 (2011-2012) "Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords" vart lagt fram av regjeringa den 2. desember. Forutan at det politiske arbeidet held fram opp mot stortingsbehandlinga, er meldinga no ute til høyring i Bondelaget sine lokal- og fylkeslag, og med møter rundt om i landet. Samandrag og høyringsnotat fra Norges Bondelag vart sendt lokallaga 16. desember.

Næringskomiteen på Stortinget hadde høyringsmøte med organisasjonar 6. januar (Norges Bondelag deltek her). Næringskomiteen vil avgi innstilling til 29. mars. Stortingsdebatten beramma til 12. april, slik at den nye meldinga ligg til grunn for jordbruksforhandlingane 2012.

Tidsfristar og datoar i Bondelaget:

- Ekstraordinært representantskapsmøte i Norges Bondelag 22. februar for å behandle meldinga.
- Styret i Norges Bondelag møte 15. februar. Behandle innstilling til representantskapet.
- Høyringsfrist til fylkeslaga er 3. februar.

Lokale Bondelag i Møre og Romsdal som vil kome med innspel til Landbruksmeldinga, hadde frist til fylkeslaget innan fredag 20. januar.

Fylkeslaget sin uttale og uttaler frå lokallaga vert sendt til Norges Bondelag innan fristen 3. februar.

Fylkesstyret i M&R Bondelag hadde telefonmøte onsdag 4. januar kl. 21.00-22.00. Her fordelte styret oppgåver og tema på landbruksmeldinga.

Det har kome skriftelege uttaler frå desse lokale Bondelaga: Nesset, Rauma, Surnadal, Averøy, Ørskog, Stranda og Hildre/Vatne.

Utkast til uttale, tekst til ulike tema frå styremedlemmene og innkomne uttaler frå lokallaga, var sendt til styret på førehand, og også kopiert og delt ut i møtet. Møtet gikk gjennom uttalen punkt for punkt.

**Vedtak:** Uttalen med dei endringar og merknader som kom fram i styret blir teke inn i uttalen. Fylkeslaget sin uttale og uttalene frå lokallaga vert sendt til Norges Bondelag som Møre og Romsdal Bondelag sin uttale til landbruksmeldinga.

**SAK 4/2012: Landbrukskonferanse og fylkesårsmøte 9. og 10. mars 2012**

Landbrukskonferansen vert arrangert i lag med Fylkesmannen si landbrukavdeling og Landbruk Nordvest, og vert halde på Rica Seilet Hotell i forkant av årsmøtet fredag 9. mars. Årsmøtet held fram laurdag 10. mars.

Frå Norges Bondelag møter styremedlem og medlem i AU/forhandlingsutvalet, Einar Frogner.

I tråd med samarbeidsavtaler som Norges Bondelag har inngått, ønskjer både Landkreditt, Gjensidige og AgriKjøp/Agrol å vere til stade på møter i fylkesbondelaga for å informere om sine aktivitetar.

Utkast til program, dagsorden og tema for landbrukskonferansen og fylkesårsmøtet var sendt ut.

Dette kom fram i drøftingane i styret:

Ha konferanse som er for bonden. Aktuelle tema: Kunnskapsløftet og Grøn Forsking. Grovfordyrking. Grøfterapport. Beitekrav 2013. Einar Frogner om landbruksmeldinga. Synnøve Valle om Landbruksmeldinga M&R. RIR-avfall på garden. Sekvens Innovasjon Norge, ordningane og det nye som skjer. Svineprosjektet.

Bønder presenterer seg/gardsbruk i bolkar utover dagen (Unngå den tradisjonelle mjølkekubonden og reiseliv/osteproduksjon på garden). Styret kom med tips på namn og produsentar om kan innleie - fylkeskontoret tek kontakt med desse personane.

Bolk 1 (før lunsj) om landbrukspolitikk og forventningar

Bolk 2 (etter lunsj) – Faginnspel og fagforedrag

**Vedtak:** Fylkeskontoret arbeider vidare med tema og innleiarar som kom fram i styremøtet, og legg fram endeleg utkast til program på neste styremøte 16. februar.

**SAK 5/2012: Representant til styret i Den Norske Matfestivalen**

Tidlegare fylkesleiar i Bondelaget og stortingsrepresentant, bonde Jørgen Holte frå Volda, har vore Bondelaget sin representant i styret for Den Norske Matfestivalen i Ålesund.

Jørgen Holte skriv i brev av 4. januar til fylkeslaget: *"I høve årsmøte i Den Norske Matfestival ynskjer eg ikkje å ta attval til styret. Eg gir leiaren i valkomiteen melding om at det må veljast eit nytt medlem som Bondelaget sin representant i styret. Takk for den tillit som er vist meg desse åra. Festivalen er no breiare og fleire tek del i arbeidet. Det har vore Bondelaget si målsetting."*

Styret for 2011 har bestått av leiar Jon Grimstad (Sunnmøre og Romsdal Fiskeselslag), nestleiar Jørgen Holte (M&R Bondelag), Eva Hole (NHO Reiseliv), Ottar Longva (Landbrukssekselskapet), Solveig Linge Stakkestad (M&R Bygdekvinnelag), Roy Vedlog (Kokkenes Mesterlaug i M&R), Kristin Krohn Devold (Ålesund kommune), Eivind Sporse (Tine), Aud Helen Nøstdal (FHL-Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening), Sigmund Simonsen (Nortura) og Kristian Ekornås (Dagligvaredagen).

Både M&R Bondelag og M&R Bygdekvinnelag er aksjonærar i Matfestivalen. Føremålet for festivalen er å fremme produksjon, foredling og omsetting av norsk mat.

På styremøtet i M&R Bondelag 7. og 8. desember 2010 orienterte Jørgen Holte om utfordringar og moglegheiter for Matfestivalen, som har vorte eit meir regionalt arrangement for Ålesund og Sunnmøre dei siste åra. Matfestivalen har behov for landbruksorganisasjonane som alliansepartner for å få til meir. Utfordringa er korleis eller om Bondelaget skal markere seg meir, med miniseminar, stands, el a. Men tidspunktet i slutten av august er lite eigna til å samle mange medlemmer.

Konklusjonen etter drøftinga i styret var at Møre og Romsdal Bondelag kan delta med stand, men like gjerne som samarbeidspartner på reiselivsarrangement eller miniseminar på mat og politikk. Vidare å knyte saman Bondens Marknad og andre stands. Styret ville drøfte nærare kva næringa og Bondelaget skal profilere på festivalen.

**Vedtak:** Fylkesstyret ønskjer at M&R Bondelag framleis skal vere representert i styret, og oppnemner nestleiar Birgit Oline Kjerstad som Bondelaget sin kandidat til styret i Matfestivalen.

**SAK 6/2012: Storfekjøttprosjekt i Møre og Romsdal**

Møre og Romsdal Bondelag ble i desember kontaktet av Svein Magne Dahle fra Isfjorden i Rauma. Han er storferepresentant i arbeidsutvalget for region nordvest i Nortura, og har i den forbindelse fått i oppdrag å luften en ide om et "storfekjøttprosjekt". De tenker å etablere noe lignende som allerede er etablert på smågris. Et prosjekt som skal stimulere til økt produksjon på storfekjøtt. Bakgrunn for dette er underdekningen på norsk storfekjøtt i det norske markedet.

Fylkesstyret fikk i desember tilsendt e-post fra fylkeskontoret om saka. Tilbakemeldinga fra styret var å drøfte saka på neste styremøte. Moment som kom fram i e-postsvarene fra styret var:

- Ser ikke at vi har noe umiddelbar hast med dette, og vil ha en grundig diskusjon. Et slikt prosjekt krever store midler, og her er det, som alltid, snakk om prioritering.
- Noe må gjøres med å øke storfekjøttproduksjonen, men er ikke sikker på om alle saker skal løses gjennom regionale prosjekter.
- Storfekjøttproduksjon er kjent kunnskap for bøndene i fylket og derfor ikke direkte sammenlignbart med svineprosjektet.
- Det viktigste er at Nortura-toppene er med på dette. Er det regionutvalget som har gitt oppdraget, eller er det lokale medlemmer?
- Vil Nortura bruke ressurser på to prosjekter samtidig?
- Det største problemet er at vi har blitt så dårlige til å dyrke grovfor her i fylket slik at forgrunnlaget på mange bruk er dårligere enn for bare få år siden. Kjøttproduksjonen er da det første som blir utkuttet.
- Er det slik at Nortura sentralt har ambisjoner for fylket, er det kjempeflott ... har lenge hatt lyst til å utfordre Nortura på hvilke ambisjoner de har for storfefylket Møre og Romsdal.
- Bondelaget er vel også med på et rekrutteringsprosjekt som skal følges opp.
- Skal "vi på fylke" være med på alle prosjekt får vi masse arbeid, vårt arbeid bør være "landbrukspolitisk" auke inntekt og muligheter for våre medlemmer. Grunnlaget for mjølk og storfekjøttproduksjon er grovforprod. Tine og Nortura i lag med forsøksringer/Landbrukstjenester være prosjektansvarlige.

I styremøtet ble det avklart at det er regionutvalget i Nortura som har gitt oppdraget med å undersøke om Bondelaget vil støtte opp om et prosjekt. Styret er positiv til at det blir vurdert å etablere et prosjekt på storfekjøtt. Det er behov for fokus på mer storfekjøtt, og viser her til underdekninga. Styret drøftet om en bør høste erfaringer med svineprosjektet, rekrutteringsprosjektet og event grovforprosjekt før dette starter opp.

**Vedtak:** Styret i Møre og Romsdal Bondelag er i utgangspunktet positiv til tiltak som fører til økt storfekjøttproduksjon. En utfordring for økt storfekjøttproduksjon i fylket er å bli bedre på grovforproduksjon. Styret viser til de mange prosjektene som er på gang og at det kan være knapphet på midler. Det er vesentlig for at M&R Bondelag skal støtte et storfekjøttprosjekt at det dekker hele fylket og ikke bare deler av regionen.

#### **SAK 7/2012: Regional næringsstrategi for Møre og Romsdal**

Leder og org.sjef møtte 10. januar på fylkeshuset for å diskutere regional næringsstrategi. Etter Bondelaget sitt ønske ble taket hevet til maksimum 900.000 og 20% av kostnadsoverslag (maks 30%) Det var også et uttalt ønske å premiere trebruk i bygninger av klimahensyn. Forslaget var 50.000 kr i maks støtte. det hadde ført til at maks tak for andre prosjekt hadde blitt 850.000. Bondelaget gikk imot dette da det ikke har blitt behandlet i styret, og vi hadde vedtak på 900.000 kr.

Småbrukerlaget ønsket å stimulere mindre utbygginger og ville gi 30% for utbygginger under 500.000 kr, evt 25% til alle opp til maks tak.

Bondelaget sa at vi ikke kunne ta stilling til dette på stående fot, da vi ikke vet hvordan det virker inn på ramme mm.

I 2011 var det 74 tilskuddsaker, 5-6 var under 500.000, mens 17 saker nådde maks tak på 750.000,- Faren med to forskjellige satser er at vi kan få en suboptimalisering av små tiltak. Et tiltak som koster 600.000 vil få 120.000 i tilskudd, mens ett på 500.000 vil få 150.000,- Da er det mulig å stoppe bygge-regnskap på 500.000, feks ved å regne liten egeninnsats. Fra Innovasjon Norge ble det også sett problemer med forvaltning.

Mindre prosjekter har også ofte større innslag av egeninnsats, slik at tilskuddet utgjør relativt høy andel av kroneutlegget. På store prosjekt vil tilskuddet utgjøre en mindre del, f.eks samdriftsfjøs til 10 mill vil maks tilskudd utgjøre 9%.

På den andre side vil de små prosjekter ofte ikke føre til noe produksjonsøkning som er med og finansierer prosjektet.

**Vedtak:** Bruk av tre i bygninger bør ikke finansieres over BU.midler til bruksutbygging. Møre og Romsdal bondelag går inn for å ha like regler for alle utbygginger (900.000,- / 20% )

#### **SAK 8/2012: Samarbeid med LHMS om tema ”Branner i landbruket”**

**Vedlegg:** Informasjonsfolder

Fylkeslaget mottok e-post 20. desember fra Landbrukets HMS-tjeneste v/ Sigmund Moen Trønsdal: *Som naturlig er så blir det sterkt fokus på branner i landbruket når slike tragiske hendelser som den i Tresfjord skjer. Gjennom LHMS har vi hatt en del gruppemøter med tema «Branner i landbruket» sammen med lokalt brannvesen. Det ble i 2009, 2010 og 2011 gjennomført fagmøter i Surnadal (2 møter), Rindal, Sunndal, Tingvoll, Halså, Smøla og Aure. (varighet ca. 3 timer med praktiske slukkeøvelser)*

*Det jeg tenker omkring dette, er om vi skal sette i gang mere systematiske kurs som er mer omfattende og krever gjennomføring av tiltak på det enkelte gårdsbruk. Skal dette gjennomføres trenger jeg samarbeidspartnere gjennom fylkeslag/lokallag i Bondelaget. Legger ved informasjonsfolder om kurset – kan du se på denne, og ta kontakt tilbake ?*

*Med vennlig hilsen Landbrukets HMS-tjeneste Sigmund*

**Vedtak:**

Møre og Romsdal Bondelag stiller seg bak gjennomføring av kurset *Ingen røyk - ingen ild* i Møre og Romsdal. Kurset bør vera eit samarbeid mellom HMS-rådgevar og lokale bondelag. Om muleg bør

også Gjensidige vera ein samarbeidspart. Møre og Romsdal Bondelag kan bidra med å gjera kurset kjend. Det må avklarast korleis det skal kunne hentast vaksenopplæringsmidlar for dekning av kostnader med kurset, samt rutiner for gjennomføring.

Kurstilbodet *Ingen røyk - ingen ild* vert sendt ut i neste lokallagssending. I tillegg meiner styret det også bør vere eit lågterskeltilbod/kurs over heile fylket. Eit slik tilbod vil truleg nå ei breiare gruppe.

## SAK 9 /2012: Referatsaker

### 1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr. 31. desember 2011 (vert trykt i årsmeldinga)

Medlemstal 31/12-10: 3.434 Medlemstal pr. 31/12-11: **3.374** = - **60**

Nyinnmelde i 2011: **117** Utmelde: 177 (av disse 39 stopp ubetalt og 15 døde)

### Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-12: 3.374 Medlemstal pr. 19/01-12: 3.379 = + **5**

Nyinnmelde hittil i 2012: **17**

### 2 Arbeids- og møteplan 2011-2012

(Dato ajourført: 19. januar 2012)

Vinterferie i skulen: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
24. januar	Kornkonferanse	Oslo	Styret
24.-25. januar	Styremøte (25.jan felles med Østfold BL)	Oslo	
28.-29. januar	Samling for unge nye bønder	Molde Rica Seilet	Styret
jan / feb.	Møte i valnemnda		
7. feb	2 regionale møter landbruksmeldinga Nils Bjørke	Solevågen, Høgset	Fylkesstyret
8. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
<b>16. februar</b>	Styremøte årsmelding rekneskap m.m.	Molde	Fylkesstyret
20. februar	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
28. februar	Frist påmelding fylkesårsmøtet		Lokallaga og utsendingar
1. mars	Kontingentforfall		
<b>6. mars</b>	<b>Styremøte utvida.</b> Uttale jordbruksforh	Molde	Fylkesstyret + samvirkerepr
<b>9. mars</b>	<b>Landbrukskonferansen i lag L</b> Nordvest,FMLA	Molde Rica Seilet	Landbruksinteresserte
<b>9.-10. mars</b>	<b>Årsmøte M&amp;R Bondelag</b>	Molde Rica Seilet	Årsmøteutsendingar og gjestar
<b>26.-30.mars</b>	<b>Informasjonsaksjoner Norges Bondelag</b>		Alle lokallag
<b>11.-13. april</b>	<b>FK-veka</b>	Molde	Fylkeslaget
<b>15. april</b>	<b>Påmelding Open Gard</b>		Lokallaga
13.-14. juni 2012	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar
<b>26. aug</b>	Open Gard		Lokallaga
<b>22.-26.august</b>	Den Norske Matfestivalen	Ålesund	
28.-29. august	Sekretariatskonferanse	Hønefoss	Heile kontoret
<b>31.aug.-2. sept</b>	Dyregod-dagane stand + evt møte	Gjemnes	
<b>4.-5. sept</b>	Landbrukskonferanse, Fylkesmannen	Geiranger	

### 3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

#### **27. januar: Møte i Midt-Norsk Samarbeidsråd, Stjørdal, Birgit Oline Kjerstad**

Hovedtema: Skolering av fremtidens tillitsvalgte – rekruttering av tillitsvalgte inn i konsernstyrer og faglagsstyrer nasjonalt. Årsmelding, regnskap og budsjett legges fram. Drøfting av regional temakonferanse.

#### Skolering

- Krav til kompetanse i styret i samvirkekonsern og nasjonale faglagsstyrer v/ Fredmund Sandvik, leder i Norges Bondelags valgkomite og tidligere leder i Norsk Landbrukssamvirke
- Hva kan kursavd ved Norsk Landbrukssamvirke bidra med? v/ Aase Lømo
- Prosjekt "Samordnet opplæring av fremtidens tillitsvalgte" v/ Bjørn Finnanger
- Debatt: Hvordan gjør vi det i Midtnorge? Hvordan styrke kompetansen, eierfølelsen, osv...

**28. og 29. januar 2012 - Samling for unge bønder – nye medlemmer i Bondelaget**

Samlinga vert halde på Hotell Rica Seilet. Invitasjon vart sendt ut på e-post og brev til alle medlemmer under 35 år i M&R Bondelag (ca. 450) i desember, og marknadsført elles på heimeside, Bondeblad-spalta og andre media. Påmeldingsfrist 16. januar. Samlinga gratis for medlemmer i Bondelaget, og deltakaravgift for andre.

**7. februar: Regionmøter om landbruksmeldinga med leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke**

Møre og Romsdal Bondelag inviterer styremedlemmer, tillitsvalgte og medlemmer i lokale Bondelag, og andre interesserte, til to opne regionmøter om landbruksmeldinga - dagmøte for Sunnmøre og kveldsmøte for Romsdal/Nordmøre.

Kl. 11.00-15.00: Sunde Fjord Hotell, Solevågen (ved fergekaia over til Festøy). (Lunsj ca 12.30)

Kl. 20.00: TINE Høgset, Gjemnes (Kveldsmat frå kl. 19.30)

Innleiar på begge møta: Leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke.

I tillegg deltek fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, nestleiar Birgit Oline Kjerstad og organisasjonssjef Arnar Lyche, saman med fylkesstyremedlemmene der det høver for dei.

Forutan orientering om Landbruksmeldinga, vert det sett av god tid til debatt og meiningsutveksling, og såleis godt høve for å diskutere innhaldet i landbruksmeldinga direkte med leiaren i Norges Bondelag, Nils Bjørke, i forkant av styret i Norges Bondelag si behandling av meldinga 15. februar, og det ekstraordinære representantskapsmøtet i Norges Bondelag 22. februar.

Meld. St. 9 (2011-2012) ”Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords” vart lagt fram av regjeringa den 2. desember. Forutan at det politiske arbeidet held fram opp mot stortingsbehandlinga, som er venta skal vere ferdig før påske, er meldinga no ute til høyring i Bondelaget sine lokal- og fylkeslag, og med mange møter rundt om i landet.

**8. februar: Møte med Gjensidige, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche****9. februar: Medlemsmøte i Fræna Bondelag, Arnar Lyche****10. februar: Landbrukskonferanse i Surnadal – Velkommen til bords**

Konferansen er eit samarbeidsprosjekt mellom Surnadal kommune, Surnadal Sparebank, Todalen Bondelag og Surnadal Bondelag. Tema er: Landbruksmeldinga v/ Ola T Heggem

Framtid i landbruket i lys av landbruksmeldinga. Synspunkt fra grasrota v/ Oddvar Mikkelsen.

Grønne kroner – inntektsmuligheter i skogen.v/ Harald Nymoen

Småskala vindkraft, den nye energikilden på gard og i grend? v/ Roald Boge

Lokal verdiskaping i nærings- og kulturliv basert på natur og kultur v/ Børge Dahle

Tingvollost, en historie om tilfeldigheter og målretta jobbing v/ Kristin Waagen

**10. februar: Seminar om økologisk landbruk i Møre og Romsdal, Høgskolen i Molde**

Konferansen arrangeres av Landbruk Nordvest i samarbeid med Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal bonde- og småbrukerlag, Møre og Romsdal bygdekvinne- og Fylkesmannens landbruksavdeling.

Innledere er: Landbruksdirektør Anne Berit Løset: Myndighetenes målsetning om økologisk landbruk.

Sissel Hansen (Bioforsk Økologisk): God jordkultur gir gode avlinger og lite forurensing. Sverre Heggset

(Landbruk Nordvest): God jordkultur; hvilke muligheter har vi for å møte utfordringene med teknikk? Aksel

Nærstad (Utviklingsfondet): Hvordan kan økologisk landbruk gi mindre sult i verden. Rune Synnevåg (arki-

tekt/økolog/småbruker: Framtidsfrø – spirer til en bedre verden

**11. februar: Debattmøte om norsk mat, Høgskolen i Molde.**

Møre og Romsdal Bygdekvinne- og Møre og Romsdal Bondelag arrangerer. Fylkesmannen og Landbruk Nordvest er medarrangører. Målgruppe for arrangementet er alle matinteresserte.

Hovedmålet med møtet er å spre kunnskap om mat og matproduksjon, sett fra både miljø-, helse- og global ressursfordelingsperspektiv. Det er forbrukeren med kjøpekraft som sitter med makten. En forutsetning for at landbruket og matindustrien skal levere sunne, reine og ”rettferdige” produkter, er at kundene etterspør slike varer. Møteleder: Jarle Sanden, Romsdalsmuseet. Deltakaravgift: kr 200 (inkludert lunsj)

Innledere:

- **Mats-Eric Nilsson** er svensk journalist og forfatter av bestselgeren ”Den hemmelige kokken”. Han har solgt mer enn 400 000 bøker med tema om mat- og matkvalitet.
- **Katrine Kleveland** er leder i Norges Bygdekvinne- og Møre og Romsdal Bondelag. Hun arbeider aktivt med å spre kunnskap om genmodifisert mat.

- **Aksel Nærstad** fra Utviklingsfondet har markert seg sterkt i diskusjonen om hvilke landbruk verden trenger for å møte dagens og framtidens utfordringer.
- **Rose Bergslid** er rådgiver i Bioforsk og representerer det lokale landbruket. Hun vil rette skråblikk mot vår egen matproduksjon.
- **Nils Nesje** representerer den kresne kokken. Hvilke krav stiller han til de gode råvarene?

**14. februar: Medlemsmøte Rauma Bondelag om jordbruksforhandlingane,** Arnar Lyche

**22. februar: Ekstraordinært representantskap om landbruks- og matmeldinga.** Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche

**22. mars: Krokveld i Straumsnes Bondelag,** Arnar Lyche

#### **4 Aktivitetar og møter i lokallaga**

Fylkesstyremedlem Hans Frafjord besøkte 20. desember sammen med leder i Vestnes Bondelag gardbrukeren i Tresfjord som ble ramma av gardsbrann, og hadde med seg ei oppmerksomhet fra fylkeslaget og lokallaget. Gardbrukeren takket for oppmerksomheten og all støtte han hadde fått etter fjøsbrannen. Gardbrukaren har fått mye lokal hjelp og støtte. Dyrlegen var imponert over mobilisering og handlekraft av lokale bønder og ordfører.

#### **5 Referat frå møter og arrangement**

**8. desember:** Møte om småkraft, Eidsvågen

**9. desember: Medarbeidersamling i Landbruk Nordvest,** Angvik i Gjemnes, Inge Martin Karlsvik LNV inviterte eksterne krefter for å få deres syn på LNV, hvilke forventninger de har til LNV, hvordan de ser for seg evt samarbeid, osv.

Inge Martin Karlsvik innledet sammen med fylkesjordsjef Ottar Longva hos Fylkesmannen om ”Forventninger til Landbruk Nordvest og hvordan kan en legge til rette for et godt samarbeid”.

**12. desember: Møte om landbruksmeldinga, Førde,** Birgit O. Kjerstad møtte for M&R Bondelag. Landbruks- og Matminister Lars Peder Brekk presenterte i Førde 12. desember innhaldet i Meld.St. 9 Landbruks- og matpolitikken - Velkomen til bords.

#### **Heimeside 15.12.2011: Spørs kva verkemidlar som fylgjer landbruksmeldinga...**

Så spør det kva verkemidlar som fylgjer landbruksmeldinga.....Slik oppsummerer nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjerstad, møtet ho var på i Førde måndag kveld i lag med knapt to hundre andre fram møtte frå dei tre Vestlandsfylka, då landbruksministeren presenterte landbruksmeldinga med tittelen ”Velkommen til Bords”.

Ho fortel at landbruks- og matminister Lars Peder Brekk signalisererte ingen vesentleg endra kurs i landbrukspolitikken trass i eit svært ambisiøst mål om å auke matproduksjonen i takt med den forventa folkeveksten i Norge, 20 prosent vekst dei neste 20 åra.

- Vi vart fortalt at noverande politikk med produksjonsfordeling, importvern, marknadsregulering og landbruk over heile landet skal vidareførast. Statsråden varsla meir målretta regionale midlar og distriktverkemiddel, og understreka at både store og små bruk skal ha livets rett også i framtida. Korleis verkemidla blir utforma er enno ikkje bestemt, men dei skal svare meir presist på utfordringane til utviklinga av landbruket på deler av Vestlandet, Agderfylka og i Nord Norge, seier Kjerstad.

Representantar frå alle fylkesbondelaga på Vestlandet deltok på møtet i Førde måndag kveld. Bjarte Myren, første vara til styret for Sogn og Fjordane Bondelag, var ein av dei fire som heldt eit førebudd innlegg og utfordra landbruksminister Lars Peder Brekk i samband med framlegginga av Stortingsmelding nr.9 om mat og landbruk.

- Mykje vil avhenge om kva verkemidlar som fylgjer meldinga i åra som kjem, sa Bjarte Myren i sitt innlegg til statsråden og forsamlinga bestående av bønder, politikarar og andre med tilknytning og interesse for landbruk og bygdepolitikk.

**15. desember: Arbeidsmøte om rekrutteringsprosjekt på Felleskjøpets møterom i Molde**

Tilstade: Bondelaget (Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlien), Fylkesmannens landbruksavdeling (Synnøve Valle; Ottar Longva), Nortura (Brit-Kari Hauger), Tine (Heine Bakke),

Etter initiativ frå Fylkesmannen si landbruksavdeling hadde Møre og Romsdal Bondelag 25. oktober møte med FMLA om etablering av prosjekt med tema Rekruttering. Hovedide – Prosjekt som tek utgangspunkt i bedrifta, ikkje i potensiell overtakar.

På samrådsmøtet mellom faglaga, landbruksavdelinga m.fl på Fylkeshuset 17. november orienterte Arnar Lyche vidare om eit eventuelt prosjekt. Det er ønskje om at Bondelaget skal vere eigar av prosjektet, og skal ha eit tett samarbeid med Bonde- og småbrukarlaget og andre aktørar t.d. FMLA og Tine. Ein planlegg prosjektlei- ar 100 prosent stilling i 3 år. Bruke det meste av arbeidstida i tett dialog med enkeltbønder. Legge vekt på å kartlegge mulige vegval. Er det nokre i næraste familie som ønsker å ta over? Er det andre slektningar som er interessert? Eventuelt salg ut av familien? Hvilke muligheter ligg i garden og i eksisterande driftsapparat. Må det investerast, og eventuelt kor mykje? Tidspunkt for eventuelle investeringar?

Målet med prosjektet er å ta vare på bruka som varig ressurs anten ved generasjonsskifte eller salg. Frå FMLA si side blir det lagt vekt på at heile næringa må involverast, og at prosjektet ikkje må stå eller falle på ein person.

Styret i M&R Bondelag vedtok på møte 6.-7. des å starte prosjektet, at Møre og Romsdal Bondelag vert prosjekteigar, og at M&R Bondelag deltek i styringsgruppa.

Møtet 15. des drøfta vidare framdrift av prosjektet, og drøfta erfaringar frå andre tilgrensande prosjekt. Det vert no utarbeida ei prosjektskisse. **MÅL for prosjektet: Berge livskraftige landbruksbedrifter i Møre og Romsdal**

Det blir invitert breidt til nytt møte etter at prosjektbeskrivelse er skrevet og presentert.

**10. januar 2012: Landbruksavdelinga, samrådsmøte, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche**

**Vedlegg:** Referat frå møtet

Deltakarar var frå Bondelaget, Småbrukarlaget, Innovasjon Norge, Fylkesmannens landbruksavdeling

Dette vart drøfta på møtet: Næringsstrategien 2012. Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal. BU Utviklings- tiltak – Rapport for 2011

Orienteringssaker: Nettverk for Rådgeving, Forsking og Utvikling. Svinekjøtprosjektet. Mulig prosjekt – For- dyrking og forkvalitet. Eldre bygningar – Ny bruk

**11.-12. januar: Temakonferanse Norsk Landbrukssamvirke. Lillestrøm, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche. Anne Katrine Jensen deltok for Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal.**

Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk, innledet til debatt om landbruksmeldinga. Deretter innledning av hva mel- dinga betyr for primærproduksjonen og for samvirkeindustrien v/ Nils Bjørke, leder Norges Bondelag og Sveinung Sve- bestad, styreleder Norsk Landbrukssamvirke. Hvordan blir meldinga mottatt i Stortinget? v/ Panel med fraksjonsleiderne, Stortingets næringskomité

Økonomisk krise – er Green New Deal svaret? v/ Chr. Anton Smedshaug, daglig leder Landbrukets utredningskontor. Hva betyr dette for ”folk flest”? v/ Kristin Hoff, statsviter og kommentator. Landbruksmeldingas høye mål - hvordan finne trappa? Hvordan gå vidare og lage konkret landbrukspolitikk v/ Kato Nykvist, konstituert politisk redaktør i Nationen

**12. januar: Bondekafe i Nesset Bondelag Innleiar Arnar Lyche**

Tema: Landbruksmeldingen og Jordbruksforhandlingene

**14. januar: Medlemsmøte i Sande Bondelag, Arnar Lyche**

Møtet drøfta samanslåing med Vanylven og Syvde Bondelag i nabokommunen.

**16. januar: Møte om sentrumsutvikling på Batnfjordsøra, Arnar Lyche**

Tema var ”meir næring, meir service, meir folk”. Arrangør var Batnfjord Bygdelag, i samarbeid med Gjemnes kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Arnar Lyche orienterte om og serverte smaksprøver på lokal og kortreist mat.

**17.-18. januar: Org.sjef-samling i Norges Bondelag, Gardermoen, Arnar Lyche**

**19. januar: Medlemsmøte Hildre og Vatne Bondelag.** Tema Landbruksmeldinga. Birgit Oline Kjer- stad. Møtet drøfta synspunkt og uttale på landbruksmeldinga til fylkeslaget.



## **6 Orienteringssaker**

### **6.1. Heimeside 13.01.2012: Lesarinnlegg - Framtidsutdanning i naturbruk på Gjermundnes**

Landbruksnæringa har behov for auka fokus på rekruttering og fagutdanning, og at naturbruksutdanning kan bli tema rundt kjøkenbordet over heile fylket. Elevane i ungdomsskulen står framfor viktig val av skule innan 1. mars. Vi har treft unge som ikkje er merksame på dette flotte tilbudet om naturbruksutdanning som fylket har satsa sterkt på, skriv fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og styremedlem Anne Katrine Jensen i M&R Bondelag i eit lesarinnlegg til media.

#### **Framtidsutdanning i naturbruk på Gjermundnes VGS**

Elevane i ungdomsskulen står framfor eit spennande val av vidaregåande utdanning innan 1. mars. Som tidlegare elev, og som medlem av Skuleutvalet og mor til elev, vil vi presentere deg for spennande mulegheiter på ein flott skulestad som Gjermundnes vidaregåande skule i Vestnes. Skulen tilbyr både naturbruk og industriell produksjon. Den er eit topp tilbud for deg som liker naturfaga eller vil drive med dyr og landbruk.

Gjermundnes tilbyr studiekompetanse i naturbruk, har utdanning i landbruk, hestefaget, anleggsgartnar, forutan teknikk og industriell produksjon. Skulen har internat for dei som ønskjer det. Det har bra søking til skulen. Elevane som vi har snakka med "trivst veldig godt" og er "kjempefornøgd". Vi kan difor tilrå alle som ønskjer å drive gard eller er interessert i naturfaga om å ta eit av utdanningstilboda som Gjermundnes har.

Møre og Romsdal fylke har ein flott skule med fantastisk plassering på Gjermundnes. Fylket skal ha honnør for å investere stort i fornying av skulen. Mellom store trær ligg skule og internat, driftsbygg med dyr og plantar, park og museum. Her er jord og skog, sjø og fjell i nærleiken. Kort veg til buss og hurtigbåt. Her er plass for hestar, gutar og jenter til å utvikle seg.

Landbruksnæringa skal framover rekruttere mange nye bønder, men også fagfolk og forskarar som tenker seg vidare studiar. Vi som har satsa sterkt på landbruket ser at næringa fordrar brei fagleg bakgrunn. Vi er sikre på at matproduksjon og dyrehald er eit godt og framtidretta yrkesval.

**Møre og Romsdal Bondelag: Inge Martin Karlsvik Anne Katrine Jensen**

### **6.2. Heimeside 10.01.2012: Vil ha unntak fra konkurranseloven for klinisk veterinærvekt**

Straumsnes Bondelag mener at både landbruket og kommunen er best tjent med at det også etter 1. juli 2012 blir unntak fra konkurranseloven for avtaler om klinisk veterinærvekt. De ber Tingvoll kommune om å vurdere konsekvenser ved en konkurranseutsetting av veterinærvekt ordningen og viderefremme sitt standpunkt til KS og Sunndal Kommune som administrerer veterinærvekta for Sunndal og Tingvoll. Straumsnes Bondelag mener at dagens ordning fungerer tilfredsstillende og ønsker at den videreføres.

### **6.3 Kopi av e-post 4. januar til Norges Bondelag frå leiar i Hjørundfjord Bondelag, Knut Hustad, vedr spørsmål i forkant av jordbruksoppgjøret Vedlegg**

#### **6.4 Aksjonsutvalg i Norges Bondelag**

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik er oppnemnt i ei arbeidsgruppe i Norges Bondelag for å forberede gjennomgåande aksjonsplanar ved event. brot i jordbruksforhandlingane 2012.

Medlemmer av gruppa er: Trine Hasvang Våg, styret, leiar, Trond Ellingsbø, fylkesleiar Oppland, Inge Martin Karlsvik, fylkesleiar Møre og Romsdal og Olav Sande, organisasjonssjef i Rogaland.

#### **6.5 Prosjektleiar tilsett for prosjekt Auka smågrisproduksjon i M&R**

Reidar Lindset er tilsett i stillinga som prosjektleiar. Der var 5 søkjarar til stillinga, alle kvalifiserte. 4 av desse var på intervju, 2 av dei søkte berre prosjektleiarstillinga. Reidar Lindset er 53 år og i dag busett på Løten, der han er avdelingsleiar på Jønsberg vidaregåande skule med ansvar for den praktiske drifta. Han er opprinneleg frå Tresfjord, og vil kombinere prosjektleiarstillinga med driftsleiing av Rypdal purkering.

Reidar Lindset vert tilsett i Nortura, og får kontor plass ved Nortura Molde. Oppstart ca midten april.

#### **6.6 Saker frå Bygdekvinnelaget**

#### **6.7 Saker frå Bygdeungdomslaget: Fylkesårsmøtet er laurdag 18. februar på Lauvtun i Halså.**

#### **6.8 Orientering om arbeidet i valnemnda i Norges Bondelag v/Inge Martin Karlsvik**

#### **6.9 Svineprosjektet – Bondelagets repr i styringsgruppa**

Det vart opplyst at Hans Frafjord, Bondelagets representant i styringsgruppa, har sagt frå seg attval til fylkesstyret. Styret ønsker at Hans Frafjord held fram ut tida i styringsgruppa for svineprosjektet i Møre og Romsdal.